

VÅRSHOWET 2017.

Som opplyst i haust, vert Vårshowet til våren 2017 lagt til Operahuset på Eid. Kulturhuset i Ørsta er stengt frå påske, det skal renoverast.

Etter grundige vurderingar, har styret og pedagogane bestemt at det vert felles Vårshow i år for alle elevane i Ballettskulen.

Vi har ikkje økonomi til å leige Operahuset to helgar.

Felles Vårshow vert helga 10. 11.juni.

Opplegget i samband med Vårshowet vert slik:

Tysdag 6., onsdag 7., torsdag 8. juni vert det øvingar for alle elevane på studio i Ørsta. Detaljert informasjon kjem i mai. Set av desse dagane til dans.

Vi må ha øvd inn gangen i Vårshowet før vi reiser til Eid og Operahuset.

Fredag 9. vert "fridag", om nokon av dei eldste skal ha øving då, får dei melding.

Laurdag 10. juni. **Alle** skal til Eid og Operahuset.

Oppmøte der kl 11 til scenepøve og seinare på dag vert det generalpøve. Detaljert informasjon kjem i mai.

Sundag 11. juni. To framsyningar. Den fyrste kl 13. Den andre kl 16:00. Det gir tid til å få i seg mat og drikke.

Detaljert informasjon kjem i mai, også om vi endrar tidspunktet for fyrste framsyning.

ALLE dansarane skal danse på begge framsyningane. Då slepp foreldre og besteforeldre å lure på kva for ei framsyning mine dansarar er med i.

Viktig:

No er det svært viktig at **alle** dansarane møte til kvar øving, så kanskje vi slepp ekstraøvingar i mai.

Det vert også kostymeprøvingar i timane, då er det flott at alle er tilstades.

Mvh Synnøve.